

# Villreinnemnda for Sogn og Fjordane

NVE  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 Oslo

**Dykkar ref.:**  
Saksnr. 201206662

**Dykkar dato:**

**Vår ref.:**  
6-ffj/14-swb

**Vår dato:**  
09.05.2014

## **Høyringsinnspel; konsesjonssøknad for ny kraftline Gjengedal – Storebru/Agledal**

Me syner til offentleg høyring om konsesjonssøknad for Gjengedal kraftverk og eigen høyringssak for konsesjonssøknad for Gjengedal - Storebru. Prosjektet vil føre til inngrep og annleggsaktivitet i ytterkant av leveområde for villrein i Førdefjella. Villreinnemnda for Sogn og Fjordane ynskjer difor å komme med ei uttale i saka. Saka vart handsama i møte i villreinnemnda 02.14.2014. Framlegg til uttale vart diskutert i møtet, der ein konkluderte med å omarbeide uttalen og eit revidert framlegg er send ut og godkjend elektronisk av medlemmane.

Lina vil få ei kryssing over Blåfjellet. Dette er ytre delen av ein fjellrygg som strekk seg frå Blånipa og sør-austover. Blånipa er ein del av eit samanhengande fjellområde der villreinen i Førdefjella har sitt hovudtilhald, og dette fjellet er, saman med fjellryggen vestover, nytta av dyra til både vinter- og sommarbeite. Det er og einskild-observasjonar av dyr lengre utover den nemnde fjellryggen enn avmerkt område. I ei nyleg gjennomført kartlegging av villreinens leveområde er Blåfjellet inkludert innanfor ytre avgrensing sjølv om det ikkje er avmerkt eit særleg årstidshabitat så langt ut. Den administrative grensa til Førdefjella villreinområde går langt lengre aust. Me vil understreke at dette er ei administrativ grense der interessa for villreinforvaltning og jakt hjå grunneigarar også har vore medbestemmande. Avgrensinga av villreinområdet syner difor ikkje det fulle omfanget av villreinen sin områdebruk. Fjellryggar som ligg utanom kjerneområda kan verte viktige i særleg vanskelege periodar for dyra, som t.d. ved ising av vinterbeite. Dyra søker då ut i meir perifere område for å finne beite.

Kraftliner kan ved mange høve skape trekkbarrierar. I dette tilfellet vil lina skjere av eit endefjell. Me ser ein vesentleg fare for at dette vil avskjere reinen frå å nytte dei ytste delane av fjellryggen, slik at lina vil redusere det totale, moglege beitearealet. Dette vil kunne få konsekvensar i periodar med vanskelege beitetilhøve.

## **Framlegg til vedtak**

Villreinnemnda har i eigen uttale (ref. 5-ff/14swb) rådd i frå å bygge Gjengedelen kraftverk. Me vil og rå i frå å bygge den aktuelle lina, lina har ein funksjon berre dersom ein går i mot vår tilråding i nemnde sak. Me vil og legge til at lina i seg sjølv vil kunne redusere tilgjengeleg beiteareal i ytterkant av leveområdet ved å skape ein trekkbarriere som skjer av det aktuelle endefjellet.

## **Vedteken uttale**

Villreinnemnda har i eigen uttale (ref. 5-ff/14swb) rådd i frå å bygge Gjengedelen kraftverk. Me vil og rå i frå å bygge den aktuelle lina, lina har ein funksjon berre dersom ein går i mot vår tilråding i nemnde sak. Me vil og legge til at lina i seg sjølv vil kunne redusere tilgjengeleg beiteareal i ytterkant av leveområdet ved å skape ein trekkbarriere som skjer av det aktuelle endefjellet.

# Villreinnemnda for Sogn og Fjordane

Med helsing villreinnemnda for Sogn og Fjordane

leiar

sekretariat

*sign.*

Astrid Eitrheim Lerum



Siri Wølneberg Bøthun

Vedlegg: Kart: Villreinens leveområde i Førdefjella

Kopi til:

Naustdal kommune  
Gloppen kommune  
Førdefjella villreinutval  
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane  
Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Verneområdestyret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde  
Miljødirektoraret  
Klima og Miljødepartementet  
Norsk villreinsenter, Nord  
Villreintrådet